

# Snøføyka 2014



## Laurdag 15. mars 2014 på Hjeltefjorden

Ran Seilforening har gleden av å invitera til regatta på Hjeltefjorden laurdag 15. mars 2014. Seglasen er med i VinterCupen 2014.

### Reglar

ISAF's kappseillingsregler 2013-2016 (RRS). Reglane for HordaCupen 2014. Det vert segla i NOR Rating med og uten spinnaker samt doublehanded. Regattaen er underlagt tryggleikskategori 5.

### Tidsprogram og baneområde

Fyrste varselsignal vert gitt klokka 12.00. Baneområdet vil vera Hjeltefjorden med start og mål ved Anglevik. Etter seglasen vert det sosialt samvær, varm suppe, bilete frå regattaen på storskjerm og premieutdeling for regattaen i Ran Seilforening sitt klubbhus.

### Regattakontor

Regattakontoret er i klubbhuset til Ran Seilforening og har fylgjande opningstider:

Laurdag 15. mars kl. 10.00 – 11.00.

Etter seglasen er regattakontoret oppe til ein time etter protestfristen.

### Påmelding og informasjon

Startkontingent er kr. 300. Påmeldingsfrist: torsdag 13. mars 2014. Båtar som melder seg på etter påmeldingsfristen må betale dobbel startkontingent. Påmelding og annan info om regattaen finn du via [www.ranseil.no](http://www.ranseil.no), der seglingsvedtekter og klasseinndeling vert publisert seinast fredag 14. mars klokka 18.00.

Spørsmål i samband med regattaen Snøføyka kan rettast til Kjell Magnus Økland (95 04 67 39)



Velkomen til Ran Seilforening og Snøføyka 2014!